



HAREID KOMMUNE

Innkalling

Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Kommunestyresalen
Dato:	15.03.2021
Tid:	Kl. 12:00

Gyldig forfall skal snarast meldast til servicetorg og politisk sekretariat på telefon 70 09 50 00 eller politikk@hareid.kommune.no, som kallar inn vara. Forfallet skal grunngjevast. Varamedlemer møter berre etter eiga innkalling.

Medlemmer som er inhabile i ei sak vert bedne om å gi melding, slik at varamedlemmer kan kallast inn.

Møtet er ikkje fysisk ope for publikum på grunn av koronasituasjonen. Publikum har tilgang til møtet via direktesendinga på hareid.kommune.no og Hareid kommune sine Facebook-sider. (Bortsett frå når det eventuelt skal behandlast saker som er unnatekne offentleg innsyn.)

Saksdokumenter er publiserte på www.hareid.kommune.no.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
31/21	Godkjenning av innkalling og sakliste	21/528
32/21	Godkjenning av protokoll	21/528
33/21	Orienteringar og spørsmål	21/528
34/21	Referatsaker	21/528
35/21	Nytt reglement for folkevalde og folkevalde organ i Hareid kommune	20/2575
36/21	Reglement for tilskot til politiske parti/grupper i Hareid kommune	20/2575
37/21	Handlingsplan mot vald i nære relasjonar for kommunane på Sunnmøre	19/5398
38/21	Plansak for offentlig ettersyn - Detaljregulering for Brekkane	19/780
39/21	Sluttbehandling - Detaljregulering for Detaljregulering for Brandal sentrum	19/726
40/21	Strategiplan for nærings- og miljøtilskot i skogbruket 2021-2024	21/428
41/21	Strategiplan for særskilde miljøtiltak i jordbruket og tilskot til beiteområde 2021-2024	21/427
42/21	Vertskommuneavtale Søre Sunnmøre legevakt	19/3614
43/21	Oversendingsframlegg: havbruk, skule- og barnehagestruktur	21/441

Hareid, 09.03.2021

Bernt Brandal
ordfører



Vår referanse: 21/528 21/2965

Saksbehandlar: Erlend Friestad

Dato: 09.03.2021

Saksnr.	Utval	Møtedato
31/21	Formannskapet	15.03.2021

Godkjenning av innkalling og sakliste



Vår referanse: 21/528 21/2942

Saksbehandlar: Erlend Friestad

Dato: 09.03.2021

Saksnr.	Utval	Møtedato
32/21	Formannskapet	15.03.2021

Godkjenning av protokoll

Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 01.03.2021



Vår referanse: 21/528 21/2966

Saksbehandlar: Erlend Friestad

Dato: 09.03.2021

Saksnr.	Utval	Møtedato
33/21	Formannskapet	15.03.2021

Orienteringar og spørsmål



Vår referanse: 21/528 21/2967

Saksbehandler: Erlend Friestad

Dato: 09.03.2021

Saksnr.	Utval	Møtedato
34/21	Formannskapet	15.03.2021

Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/21	Forventningsbrev 2021 til kommunane i Møre og Romsdal



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
09/21	Næring- og miljøutvalet	09.02.2021
06/21	Levekårsutvalet	10.02.2021
35/21	Formannskapet	15.03.2021
	Kommunestyret	

Nytt reglement for folkevalde og folkevalde organ i Hareid kommune

Samandrag:

I sak PS 65/19 vedtok kommunestyret at administrasjonen skulle utarbeide eit heilskapleg reglement for dei folkevalde og folkevalde organa i Hareid kommune. Dette arbeidet skulle eigentleg vere ferdigstilt våren 2020, men blei nedprioritert på grunn av koronapandemien.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek reglement for folkevalde og folkevalde organ i Hareid kommune slik det ligg føre.

Alternativ tilråding dersom omfattande endringsframlegg:

Kommunestyret sender sak om reglement for folkevalde og folkevalde organ i Hareid kommune tilbake til administrasjonen for å greie ut

. ...
. ...

Vedlegg:

Ferdig forslag - reglement for folkevalde og folkevalde organ i Hareid kommune
Uttale frå RFU om reglement for folkevalde organ
Anne-Marie Overå: Tilbakemelding på forslag til reglement for folkevalde og folkevalde organ

Saksopplysningar:

Fram til no har alle dei folkevalde organa i Hareid kommune hatt eigne reglement. Dei er stort sett like, då kommunelova gjeld for alle dei folkevalde organ. Ulikskapane handlar stort sett om nyansar.

Å lage eitt felles reglement vil gjere det lettare for dei folkevalde, innbyggjarar og administrasjonen å orientere seg og vite kva moglegheiter og avgrensingar dei har innafor regelverket.

Det å ha eitt felles reglement vil også gjere det enklare å endre/oppdatere reglementa om det skulle bli naudsynt ved lovendringar eller ønske om praksisendring frå dei folkevalde.

Innhald

Reglement er meir innhaldsrikt enn tidlegare. Det skuldast eit ønske om å samle meir informasjon på ein stad. Mesteparten av «ekstrainnhaldet» er henta frå kommunelova. Dette er reglar som også gjeld i dag, men som det berre blei vist kort til, eller rekna som sjølvfølgje i dei gjeldande reglementa.

Oppbygging

Reglementet er delt inn i to hovuddelar.

I fyrste del er alt som er felles for alle folkevalde og alle folkevalde organ. Denne delen er så delt inn i dei forskjellige «fasane» i møtet. Det gjer det forhåpentlegvis enkelt å orientere seg/finne fram dersom det dukkar opp spørsmål.

I andre del har vi lagt inn særreglane som gjeld for dei enkelte organ.

Endringar

Det er få endringar i forslaget samanlikna med gjeldande reglement og praksis. Endringane er i hovudsak ei samkøyring av reglementa – til dømes skal innkalling til møte ut like mange dagar før møtet for alle organ (ei veke).

Her er ei kort oppsummering av dei viktigaste endringane:

Spørsmål i møtet

Her har det vore ulik praksis frå organ til organ. Det har også vore uklart kva som skal reknast som eit skriftleg spørsmål og korleis dette skal handsamast i møtet/protokoll. I forslaget til reglement er dette tydeleggjort. Dei skriftlege spørsmåla med svar skal inn i protokollen, og skal også refererast på heimesida. Tanken bak dette, er å synleggjere spørsmål/svar, og kanskje leggje til rette for eit offentleg ordskifte om dei.

Mindretalsoverprøving

I nokre punkt er det lagt inn ei moglegheit for eit mindretal på 1/3 å overprøve fleirtalet/møteleiar. Det er same del som blir nytta i kommunelova når det gjeld til dømes å krevje å få halde møte eller å nekte at ei sak som blir lagt på bordet blir handsama i møtet.

Permanent moglegheit for fjernmøte

Kommunelova opnar for at kommunestyret tillèt at dei folkevalde organa kan halde fjernmøte. Denne ordninga blir «permanent» tatt inn i reglementet.

Kva tilråding skal det røystast over

Til no har formannskapet røysta over kommunedirektøren si tilråding. I forslaget til reglement er det lagt opp til at formannskapet skal røyste over innstillingane frå NMU og LKU (eventuelt alternativt om dei er forskjellige). Kommunestyret skal som før alltid røyste over innstillinga frå formannskapet.

Sitje «på gangen» til sak er ferdig handsama

Det har vore praksis i Hareid kommune at ein medlem som kjem til møtet etter at ein sak er opna, ikkje skal ta plass i møtet før saka er røysta over. Dette er ikkje vanleg praksis andre stader. Enkelt forklart: å sitje på gangen er ikkje gyldig forfall, og då skal du delta i møtet. Når ein medlem fyrst deltek i møtet, har han/ho også røysteplikt.

Reglement for medverknadsorgana

Kommunestyret er forplikta til å leggje til rette for at medverknadsorgana (ungdomsråd, eldreråd, RFU) får sakene på bordet på eit så tidleg stadium at utalene frå rådet kan ha innverknad på utfallet av saka.

For å få til dette foreslår vi at leiarane i råda, på eigne initiativ, kan møte i dei andre folkevalde organa og også kan sende inn uttaler som ikkje er vedteke i møte.

Vi trur at ein slik fleksibilitet er naudsynt for å oppfylle kravet nemnt ovanfor. Det er ikkje realistisk at råda kan ha møte i forkant av kvar kommunestyresyklus. Det er heller ikkje realistisk at råda kan få sakspapira i hende før dei blir sendt ut til dei andre folkevalde organa.

Under orienteringar i råda, kom det fram at dei også ønsker ein slik fleksibel løysing.

Det er lagt inn ein tryggleiksventil der fleirtalet i råda kan overprøve leiar om ønskeleg/naudsynt. Ein (for) eigenrådige leiar kan også skiftast ut av råda, då dei etter lova sjølv vel leiaren sin.

Arbeidsform for råda

Det er presisert i reglementet kva rolle råda skal ha i den politiske prosessen. Lova seier at dei skal vere rådgivande organ for kommunestyret – og leverer uttaler i dei sakene som gjeld deira felt. Dei skal altså ikkje fatte vedtak om innstillingar til dei folkevalde, men sjølv bestemme om dei vil leggje fram uttaler til dei folkevalde organa.

Talet på medlemmar i råda

I dag er har råda forskjellig medlemstal. Eldrerådet har fem, RFU seks og ungdomsråd ti (men ingen varaar).

Reglementet legg opp til at RFU og elderåd bør ha like mange medlemmar (5).

Ungdomsrådet bør få halde fram med si ordning. Dette for å sikre kontinuitet. Dei har berre toårig valperiode og sidan mange medlemmar er under røysterettsalder, kan dei få automatisk fritak. Dermed må vi rekne med større utskiftingar. Ungdomsrådet er også ein god arena for å gi engasjerte ungdommar erfaring i lokaldemokrati.

Prosess

I arbeidet med reglementet har administrasjonen sett på andre kommunar sine reglement og til dels rådført seg med kollegaar i desse kommunane.

Dei folkevalde organa, inkludert medverknadsorgana, er blitt orientert undervegs i prosessen og har hatt moglegheit til å kome med innspel.

Til sist har framlegget til reglement vore ute på høyring hos dei folkevalde. I denne prosessen har også innbyggerane fått moglegheit til å kome med tilbakemeldingar. Dette blei gjort for å få framlegg på bordet før kommunestyret der reglementet skal vedtakast slik at omfattande endringar kunne kvalitetssikrast før vedtak. I denne prosessen har det kome inn berre éin merknad om at både interpellasjonar og svar på desse skal inn i protokollen. Dette er no baka inn i reglementet som ligg ved saka.

Vurdering og konklusjon:

Reglementet som ligg føre vil forhåpentlegvis gi dei folkevalde eit godt grunnlag for å drive politisk arbeid. Administrasjonen vil også ha betre oversikt over kva reglar som gjeld, og innbyggerane har lettare for å setje seg inn i dei verkemidlane dei har for å delta i lokaldemokratiet.

Skulle det kome (omfattande) endringsframlegg, kan det vere tenleg om kommunestyret går for den alternative tilrådinga. På den måten kan administrasjonen kvalitetssikre forslaget slik at det er i samsvar med gjeldande lovverk og at det ikkje går utover heilskapen i reglementet.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: *Ingen kjende*

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: Eit tydelegare ungdomsråd kan løfte barn og unge sine interesser på ein betre måte.

Kariann Bigseth
Konstituert kommunedirektør

Erlend Friestad
kommunikasjonsansvarleg



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
36/21	Formannskapet	15.03.2021
	Kommunestyret	

Reglement for tilskot til politiske parti/grupper i Hareid kommune

Samandrag:

Hareid kommune utbetalar partistøtte til gruppene i kommunestyret. I dag finns det ikkje eit reglement for dette tilskotet. Det bør vi ha. Utarbeidinga av eit slikt reglement vil også gi moglegheit til å endre dagens praksis, som ikkje følgjer retningslinjene til partilovnemnda.

Kommunedirektøren si tilråding:

Hareid kommunestyret vedtek «Reglement for utbetaling av partitilskot» slik det ligg føre.

Vedlegg:

Forslag til reglement for partigruppe-tilskot Hareid kommune

Saksopplysningar:

Registerte parti får i dag offentlig støtte frå staten. Denne støtta blir betalt ut både til de nasjonale, regionale og lokale partiledde. Det er stortinget som fastset rammene og bestemmer nøklane for utrekning av støtta. Mange kommunar utbetaler også eigne tilskot til dei lokale partia/gruppene. Dette tilskotet må også følgje prinsippa i [partilova \(paragraf 10\)](#).

Hareid kommune betaler for tida ut til saman 50.000 kroner årleg til partia/gruppene i kommunestyret. Då det hausten 2020 dukka opp nokre spørsmål omkring utbetalinga av støtte, blei det klart at Hareid kommune – så langt administrasjonen kunne sjå – ikkje hadde eit reglement for korleis støtta skal fordelast. Tilskotet har derfor blitt betalt ut basert på sedvane.

Kommunedirektøren har derfor funne det naudsynt å utarbeide eit slikt reglement. I dette arbeidet er det også klart at praksisen som Hareid kommune har følgd, ikkje er i tråd med dei nasjonale føringane for slike utbetalingar.

Formålet til partistøtta

Sidan vi ikkje har eit reglement, har vi i dag heller ikkje nokon «formålsparagraf» for kva partistøtta skal nyttast til. Den går inn i lokallaget sitt rekneskap og blir nytta slik dei finn det best.

Kommunedirektøren rår til at det blir lagt inn ein formålsparagraf i reglementet, ikkje for at partia skal stå til rette for korleis dei har brukt pengane, men som ei grunngeving for korleis støtta blir rekna ut og korleis den blir betalt ut.

Tilskotet er skattepengar utbetalt til tillitsvalde. Det vil då vere naturleg å tenke at tilskotet skal nyttast til formål som rustar dei tillitsvalde til å gjere ein best mogleg jobb som folkevalde. Døme kan vere opplæring/kurs og administrative kostnader. Sidan utbetalingane av tilskotet er tillitsbasert vil det ikkje bli lagt opp til å kontrollere kva det er brukt på. I partilova paragraf 10 står det også eksplisitt at det ikkje skal førast kontroll med tilskotet.

I partilova står det også at det ikkje kan fastsettast vilkår for tilskotet som kan kome i konflikt med partias uavhengigheit og sjølvstende. Administrasjonen ser det ikkje slik at formålsparagrafen er eit slikt vilkår.

Slik blir støtta delt ut i dag:

Potten er per no på totalt 50.000 kroner årleg. Støtta blir fordelt mellom partia/gruppene etter kor mange faste og vararepresentantar dei har i kommunestyret.

Denne måten å rekne ut støtte på favoriserer dei mindre partia, sidan dei har fleire vararepresentantar per innvalde faste representant. Alle parti får inn like mange varamedlemmar som dei har faste medlemmar pluss 3.

KrF, som i dag har 1 fast representant, får støtte for 5 medlemmar (1 fast og 1+3 varaar) – 5 gongar fleire enn faste. Til samanlikning får Frp som har 7 faste representantar utbetalt støtte for 17 representantar (7 faste +7+3 varaar) – berre 2,4 gongar dei faste medlemmane. Det gjer at KrF får om lag dobbelt så mykje utbetalt per faste medlem i kommunestyret som Frp. (Sjå tabell)

	<i>Faste</i>	<i>varaar</i>	<i>samla</i>	<i>Utbetalingsnøkkel: faste og vara</i>	
				Samla	per faste
Frp	7	10	17	14 167 kr	2 024 kr
H	2	5	7	5 833 kr	2 917 kr
Foha	5	8	13	10 833 kr	2 167 kr
V	3	6	9	7 500 kr	2 500 kr
Krf	1	4	5	4 167 kr	4 167 kr
Ap	3	6	9	7 500 kr	2 500 kr
Samla	21	39	60	50 000 kr	2 381 kr

Favorisering

Ei favorisering av dei mindre partia, treng ikkje vere ei ulempe. Nokre utgifter er faste uansett gruppestørleik. Det er ein ganske vanleg praksis i kommunane å gi dei minste partia ein fordel. Staten gjer det same når dei reknar ut si støtte til partia. Det finns derimot mange måtar å gi dei minste litt ekstra på. Utrekninga vi i dag nyttar i Hareid kommune er ikkje den beste, etter administrasjonen sitt syn.

Den største ulempa med dagens praksis er at den ikkje er i samsvar med avgjerslene til partilovnemnda. Slik vi les uttalene derfrå, er det ikkje er rom for å gi meir enn 20 prosent i gruppestøtte. Dagens ordning svarer til ei gruppestøtte på 30 prosent og går derfor lenger enn tillate (sjå detaljar lengre nede).

Ordninga kan også i nokre tilfelle uønskede konsekvensar. Partilovnemnda har slått fast at partilskot skal følgje representantane. Det blir tolka dit at om ein medlem melder overgang til eit anna parti, skal det nye partiet få støtta. Det same gjeld om ein medlem melder seg ut og blir uavhengig. Då skal tilskotet gå til medlemmen.

Med dagens tilskotutrekning, der varamedlemmar er inkludert, må vi då legge til grunn at om ein varamedlem endrar status, vil også utrekninga av partistøtta endre seg. Dersom tilskotet skal følgje medlemmen, kan vi i ytste konsekvens oppleve at ein varamedlem langt nede på ei liste, og som sjeldan eller aldri møter i kommunestyret, får utbetalt støtte til seg sjølve.

Gruppestøtte

Administrasjonen vil råde til at favoriseringa av dei mindre partia/gruppene blir vidareført, men i ein noko meir moderat utgåve.

[Partilovnemnda har slått fast at det er rom for å dele ut tilskot som favoriserer dei mindre partia.](#) Staten gjer dette. Dei betaler ut 10 prosent av partilskotet som gruppestøtte. Alle parti (av ein viss storleik) får det same beløpet.

I avgjersla frå partilovnemnda lenka til ovanfor, slår dei fast at det berre naudsynt med simpelt fleirtal i kommunestyret om det skal vedtakast at gruppestøtta er 10 prosent av totalen. Partilovnemnda konkluderer med at «det nok kan være anledning for den enkelte kommune å øke grunnstøtta opp mot 20 prosent». Dette krev i so fall eit samrøystes vedtak.

Vi ser det derfor naturleg å ikkje leggje gruppestøttenivået høgare enn 10 prosent av totalen.

Gitt kommunestyret går for den føreslåtte formålsparagrafen, er det også ei god løysing å samle all gruppestøtte til utbetaling i valåret. Då er gruppene nye og det vil gi dei moglegheit til å nytte nokre ekstra kroner på opplæring av dei ferske representantane.

Nøkkel

Det er opp til kvar enkelt kommune å bestemme om det er talet på medlemmar i kommunestyret eller røystetalet i valet som skal vere nøkkelen som fordeler partistøtta. Administrasjonen rår kommunestyret å gå for at nøkkelen er talet på medlemmar og ikkje røystetalet – sjølv om det siste er meir i tråd med ordlyden i lova («oppslutning ved valet») og er slik dei statlege satsane blir rekna ut.

Bakgrunnen for denne anbefalinga er formålet med tilskotet – slik det går fram av det føreslåtte reglementet. Det kostar like mykje å sende ein folkevald på kurs, uavhengig av røystetalet som ligg bak. Høgare kompetanse hos dei folkevalde vil kome alle innbyggjarar til gode, ikkje berre dei som har røysta på vedkomande.

At representanttalet skal vere nøkkel, vil også vere meir føreseieleg, då det kan vere store forskjellar i kor mange røyster kvar kommunestyremedlem har i ryggen. I dagens kommunestyre varierer det mellom 101 – 147, eit tal som kan vere snudd på hovudet til neste valperiode.

Døme på utbetaling av tilskot

Sjå tabellane under for å sjå korleis tilskotet vil endre seg etter kva nøkkel som blir nytta og kor stort eit eventuelt parti/gruppetilskot er. I dømet er samla sats sett til 50.000 kroner.

Døma er gitt dagens samansetning av kommunestyre/valresultat i 2019.

Kommunedirektøren si tilråding, og som korresponderer med det føreslåtte reglementet, er markert. I dette dømet utløyser kvar representant i kommunestyret 2143 kroner (45.000 delt på 21) og kvar gruppe får 833 kroner (5000 delt på 6) per år.

	Faste	vara	Samla	Røyster i valet	Støtte per representant i kommunestyret				
					Både faste og vara, ingen gruppestøtte (som i dag)	Berre faste, ingen gruppestøtte	Røystetal i valet	Berre faste, 10 % gruppestøtte	Berre faste 20 % gruppestøtte
Frp	7	17	20	777	2 024 kr	2 381 kr	2236 kr	2 262 kr	2 143 kr
H	2	5	7	240	2 917 kr	2 381 kr	2417 kr	2 560 kr	2 738 kr
Foha	5	8	13	623	2 167 kr	2 381 kr	2510 kr	2 310 kr	2 238 kr
V	3	6	9	302	2 500 kr	2 381 kr	2028 kr	2 421 kr	2 460 kr
Krf	1	4	5	147	4 167 kr	2 381 kr	2961 kr	2 976 kr	3 571 kr
Ap	3	6	9	393	2 500 kr	2 381 kr	2639 kr	2 421 kr	2 460 kr
<i>Total</i>	21	39	60	2482					

Total støtte per gruppe/parti, gitt dagens samansetning av kommunestyret og med 10 prosent til gruppestøtte – som blir utbetalt samla fyrste år i valperiode:

	Samla utbetalt fyrste år i valperioden	Utbetalt år 2, 3 og 4
Frp	18 333 kr	15 000 kr
H	7 619 kr	4 286 kr
Foha	14 048 kr	10 714 kr
V	9 762 kr	6 429 kr
KrF	5 476 kr	2 143 kr
Ap	9 762 kr	6 429 kr
Total	65 000 kr	45 000 kr

Andre føresegn

Det er lagt inn eit punkt om overgangsordning for utbetaling, dersom kommunestyret ønsker å betale ut gruppestøtta samla.

Vurdering og konklusjon:

Ordninga med 10 prosent gruppestøtte og støtta elles betalt ut per representant i kommunestyret vil vere føreseieleg. Den vil favorisere dei mindre partia noko, men langt mindre enn med gjeldande praksis (som heller ikkje er etter retningslinjene frå partilovnemnda).

Å betale ut gruppestøtta samla fyrste år, vil gi partia/gruppene litt ekstra musklar i oppstarten av ein ny valperiode. Det kan auke moglegheitene til gi opplæring/kurs til sine folkevalde.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: *Ingen kjende*

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende

Kariann Bigseth
Konstituert kommunedirektør

Erlend Friestad
kommunikasjonsansvarleg



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
27/21	Formannskapet	01.03.2021
18/21	Levekårsutvalet	10.03.2021
37/21	Formannskapet	15.03.2021
	Kommunestyret	

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar for kommunane på Sunnmøre

Samandrag:

Vald i nære relasjonar er eit omfattande samfunns- og folkehelseproblem. Kommunane skal legge til rette for at tenestene blir i stand til å førebygge, avdekke og avverje vald og overgrep. For å kunne avdekke, må tabu brytast og kunnskapen aukast.

Når vald blir avdekt skal tenesteapparatet kunne bidra med rett hjelp til rett tid og ha eit godt samarbeid med aktørar også utanfor dei kommunale tenestene.

Med denne felles handlingsplanen vil alle kommunane på Sunnmøre sjå til at arbeidet mot vald i nære relasjonar vert sett på dagsorden. Målsettinga er at tiltak og auka merksemd på vald i nære relasjonar vil bidra til å styrke det førebyggjande arbeidet, at fleire valdsutsette og valdsutøvarar får naudsynt hjelp og at fleire situasjonar der menneske utsettast for vald blir avdekka og avverja

Formannskapet 01.03.2021:

Nye framlegg:

Behandling:

FSK- 27/21 Vedtak:

Saka er sendt tilbake til administrasjonen for oppmelding i levekårsutvalet.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren rår til at Handlingsplan mot vald i nære relasjonar for kommunane på Sunnmøre vert vedteken slik den ligg føre.

Vedlegg:

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar for kommunane på Sunnmøre

Høyring - Handlingsplan mot vald i nære relasjonar for kommunane på Sunnmøre

(L)(482317)

høyringsutkast Vald i nære relasjonar (L)(512279) Sunnlyven Sanitetslag

Innspel - virksomhetsleder psyk.rus Ålesund kommune - handlingsplan mot vald i nære relasjonar (L)(505509)

Innspel - Statens Barnehus - Handlingsplan mot vald i nære relasjonar (L)(523310)

Innspel frå Krisesentersekretariatet til handlingsplan mot vald i nære relasjonar (L)(501431)

Innspel frå Møre og Romsdal politidistrikt til handlingsplan mot vald i nære relasjonar (L)(503384)

Innspel frå Nok. Møre og Romsdal til handlingsplan mot vald i nære relasjonar for kommunane på Sunnmøre (L)(501463)

Innspel frå Volda kommune til handlingsplan mot vald i nære relasjonar for kommunane på Sunnmøre (L)(503636)

Innspel frå Ørsta kommune til handlingsplan mot vald i nære relasjonar (L)(504184)

Saksopplysningar:

Handlingsplanen er ein fagplan og gjeld frå 2021 - 2025. Den tek utgangspunkt i nasjonale føringar og skal gi felles retning for kommunane sitt arbeid mot vald i nære relasjonar på Sunnmøre.

Handlingsplanen inneheld:

Kunnskapsdel - Informasjon om vald i nære relasjonar, ansvar, plikt og rettar

Handlingsdel - Våg å sjå, våg å spørje, kunnskap til å handle

Oversikt over hjelpeapparatet - kommunale tenester, samarbeidsaktørar, nasjonale tenester og nettressursar

Tiltak i perioden

Handlingsplanen er kjønnsnøytral. Vi snakkar om valdsutsett og valdsutøvar.

Handlingsplanen mot vald i nære relasjonar er forankra mellom anna i FN sin barnekonvensjon, Helse- og omsorgslova §3.3.9, Stortingsproposisjon 12 S 2016-17, Krisesenterlova § 3.3.9 og Folkehelselova § 4. Temaet er eit viktig satsingsområde for regjeringa, og ein nasjonal handlingsplan er varsla ferdigstilt i nær framtid.

I november 2018 vedtok styringsgruppa for krisesenteret på Sunnmøre å søkje midlar til utarbeiding av ein lokal handlingsplan mot vald i nære relasjonar. I oktober 2019 gav Fylkesmannen midlar til prosjektet, med krav om rapportering på arbeidet. Kommunale representantar kom saman til eit første møte i februar 2020, og arbeidet med planen vart starta. På grunn av covid-19 vart det nedsett ei mindre arbeidsgruppe, som har fått bistand frå representantar frå alle kommunane på Sunnmøre.

Kommunane skal legge til rette for at tenestene blir i stand til å førebygge, avdekke og avverje vald og overgrep. Når vald blir avdekt skal tenesteapparatet kunne bidra med rett hjelp til rett tid og ha eit godt samarbeid med aktørar også utanfor dei kommunale tenestene.

Med denne felles handlingsplanen set alle kommunane på Sunnmøre arbeidet mot vald i nære relasjonar på dagsorden. Målsettinga er at tiltak og auka merksemd på

vald i nære relasjonar vil bidra til å styrke det førebyggjande arbeidet, at fleire valdsutsette og valdsutøvarar får naudsynt hjelp og at fleire situasjonar der menneske utsettast for vald blir avdekka og avverja.

Bruk av vald er i strid med norsk lov, og eit angrep på grunnleggande menneskerettar.

I 2010 kom Krisesenterlova som slo fast at alle kommunar skulle ha eit krisesentertilbod både for kvinner, menn og barn. Det er ikkje lenge sidan den snevre omgrepet *kvinnemishandling* vart erstatta med omgrepet *vald i nære relasjonar*. Spissformulert har utviklinga gått frå ignoranse til nulltoleranse. Personar i ALLE aldrar, både barn, vaksne og eldre, kan utøve og utsetjast for vald.

Omfattande forskning viser at vald i nære relasjonar, anten det er å vere vitne til vald eller å bli utsatt for direkte vald, seksuelle overgrep eller krenking, kan føre til omfattande negative konsekvensar på kort og lang sikt. Kommunen har eit særlig ansvar for å førebygge, avdekke og avverje vald og overgrep.

Planen skal sikre eit hjelpetilbod som er kunnskapsbasert og samordna og inneheld satsingsområder for perioden. Tiltaka skal bidra til å styrke kunnskaps- og handlingsgrunnlaget i alle kommunane på Sunnmøre.

Handlingsplanen er også eit verkty til hjelp i situasjonar der det kan vere fare for eller mistanke om at vald oppstår.

Målet er at handlingsplanen skal nyttast av og gi auka kunnskap til tilsette og innbyggjarane i kommunane. Det kan vere familie, naboar, kollegaer, offentlege nettverk og/eller frivillige i foreiningar eller fritidsarenaer som har ei bekymring knytt til eit barn, ein ungdom eller ein vaksen. I 2021 vil alle kommunane på Sunnmøre få tilbod om lokal kompetanseheving på området.

Vurdering og konklusjon:

Innan søknadsfristen kom det inn i alt 9 høyringssvar. Arbeidsgruppa er glad for engasjementet rundt ny felles handlingsplan mot vald i nære relasjonar. Fleire har gitt grundige tilbakemeldingar som viser at det har blitt lagt ned arbeid i å gjere seg kjent med innhaldet. Alle innspel har blitt vurdert og mange har ført til konkrete endringar. I prosessen med implementering av høyringssvar har det blitt gjort endringsarbeid i heile planen utan at dette har fått konsekvens for grunnleggande oppbygging og utforming. Høyringssvara ligg som vedlegg til saka.

Økonomiske / juridiske / andre driftsmessige og organisatoriske konsekvensar:

Statsforvaltaren (Fylkesmannen) har ytt kr. 900,000,- til føremålet, og det er ingen økonomiske, juridiske eller organisatoriske konsekvensar for Ålesund kommune..

Konklusjon med grunngiving:

Kommunane på Sunnmøre får no sin eigen, lokale handlingsplan mot vald i nære relasjonar, og kommunedirektøren rår til at den vert vedteken slik den ligg føre.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Konsekvensar for folkehelsa: Skissert i saka

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: Statsforvaltaren (Fylkesmannen) har ytt kr. 900,000,- til føremålet, og det er ingen økonomiske, juridiske eller organisatoriske

konsekvensar for Hareid kommune
Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende
Konsekvensar for barn og unge: Skissert i saka

Kariann Bigseth
konstituert kommunedirektør

Helga Bøe
konstituert kommunalsjef



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/21	Næring- og miljøutvalet	09.03.2021
38/21	Formannskapet	15.03.2021

Plansak for offentlig ettersyn - Detaljregulering for Brekkane

Samandrag:

Detaljregulering for Brekkane, PlanID 20180002, hadde oppstartsmøte i desember 2018. Det vart heldt oppstartsmøte for utbyggingsavtale samstundes. I januar 2019 vart det varsla oppstart av planarbeid samt utbyggingsavtale. I løpet av høyringsperioden kom ein fram til at det var behov for utviding av planområdet med bakgrunn i merknadar frå naboar som kom inn, det vart difor politisk handsaming av dette i formannskapet i mai 2019. I slutten av mai 2019 vart det varsla om utvida oppstart. I august 2020 kom det ein ny førespurnad om endra bruk av arealet innanfor planavgrensinga, dette vart handsama i slutten av august 2020 av formannskapet. Sidan januar 2019 og fram til no har det vore fleire drøftingar og ulike møter mellom kommunen og forslagsstillar, i tillegg til dei to avklaringane som har vore gjort gjennom politisk handsaming i formannskapet. Planforslaget og utbyggingsavtalen som ligg klar for handsaming og offentlig ettersyn no er eit resultat av det som tidlegare er nemnt.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. I medhald av PBL § 12-10 vedtek Hareid formannskap å legge ut forslag til detaljregulering for Brekkane med PlanID 20180002, vist på plankart datert 22.02.21 med tilhøyrande planomtale og føresegner til offentlig ettersyn. Høyringsfrist vert sett til minimum 6 veker.
2. I medhald av PBL § 17-4 vedtek Hareid formannskap å legge ut forslag til utbyggingsavtale til offentlig ettersyn i minimum 30 dagar.

Vedlegg:

Forslag til utbyggingsavtale Brekkane
2021_02_22_2816_Utbyggingsavtale framlegg
Revidert planframlegg - Detaljregulering Brekkane - Hareid kommune
2816 Planomtale 2021_02_22
2816_AM_Plankart 2021_02_22_1_26588_65bbf45c
Utbyggingsavtale_Vedl_D_2816_Byggesteg 2020_12_07-A3-L
Vedl_01_2816_AM_Plankart 2021_02_22-A1-L
Vedl_02_2816_Føresegner_2021_02_22
Vedl_03_Saksframlegg_vedtak_FSK_2020_08_31
Vedl_04_Referat oppstartsmøte
Vedl_05_Saksframlegg_vedtak_FSK_2019_05_06
Vedl_06_2816_Varslingsbrev med vedlegg_2019_01_15
Vedl_07_2816_Varslingsbrev_inkl_vedlegg_2019_06_05
Vedl_08_2816_Annonsebestilling 2019_01_15
Vedl_09_2816_Alle innspel samla
Vedl_10_2816_ROS-analyse_2021_02_22
Vedl_11_2816_ROS-sjekkliste_2021_02_22
Vedl_12_2816_Sjekkliste naturmangfald_2021_02_22
Vedl_13_28163_9028-RIG02 Geoteknisk prosjekteringsrapport
Vedl_14_2816_19028-RIG01 Geoteknisk datarapport
Vedl_15_2816_Støyrappport Detaljreguleringstøy_rev2
Vedl_16_2021_02_22_2816_Utbyggingsavtale framlegg
Vedl_17_VAO-Rammeplan med vedlegg

Saksopplysningar:

Etter oppstartsmøte i desember 2018 vart det varsla oppstart av planarbeid i januar 2019. Etter første gongs varsel om oppstart av planarbeidet, fann ein at det var behov for utviding av planområdet. Framlegg til ny plangrense vart vedtatt i formannskapet i mai 2019, og som følgje av dette vart planinitiativet revidert og vedlagt utvida varsel om planoppstart som gjekk til offentlege og private instansar samt andre som vart råka av utvidinga.

I forbindelse med handsaming av utviding av planavgrensinga i mai 2019 vart det sett av areal innanfor planområdet til offentleg tenesteyting. I august 2020 kom det søknad om å nytte også dette arealet til bustadføremål, formannskapet aksepterte dette i august 2020.

I løpet av varsel om oppstart av planarbeidet kom det inn seksten (16) innspel. Desse er vurdert, oppsummert og kommentert i planomtalen. Innspela ligg også vedlagt saka i si heilheit.

Vurdering og konklusjon:

Det vart under oppstartsvarslinga stilt krav om arkeologisk registrering frå Møre og Romsdal fylkeskommune, dette blei gjennomført før planforslaget blei ferdigstilt. Det vart ikkje funne automatisk freda kulturminne.

Det er gjennomført fagleg støyvurdering og geologisk vurdering, planforslaget er tilpassa funna som er gjort i desse to kartleggingane. Kommunedirektøren vurderer det slik at planforslaget tek i vare støy og geologi (kvikkleire) på ein tilfredsstillande måte.

Det er utarbeida ein eigen vatn, avløp og overvatn-plan. Dette er ei plan som skildrar moglege løysingar, men det er prosjektering og byggesak på eit seinare

stadie i prosessen som vil avgjere det endelege resultatet knytt til VAO-løysingar.

Statens vegvesen (etter omorganisering vil det vere fylkeskommunen som tek denne rolla) har varsla motsegn dersom det ikkje vert rekkjefølgjekrav om opparbeiding av rundkøyring i Holstadkrysset før det kan gjevast bruksløyve til bustadar innanfor området. Dette er bakgrunnen for at planområdet er delt inn i 2 utbyggingsområder, der byggeområde 1 kan byggast utan at rundkøyringa er på plass. Kommunen meiner dette er ei akseptabel løysing, og er innstilt på å gå til mekling dersom statens vegvesen/fylkeskommunen kjem med motsegn.

Med planforslaget som ligg føre er det klart at det vil føre til trafikkauke mot Drammensvegen, der Hareid skule har sin tilkomst i dag. Det er difor lagt inn krav om vikeplikt frå o_SKV_1 mot Drammensvegen, slik at trafikken til og frå skuleområdet har fortrinnsrett. Dette vil kunne avhjelpe situasjonen til rundkøyringa på Holstad er på plass og ein får realisert heile o_SKV_1 slik at trafikken kan køyre den vegen også. Dette er eit avbøtande tiltak som har størst effekt opp mot bilar. Dei mjuke trafikantane vil få eit kryss meir å gå forbi til og frå skule. Det nye regulerte krysset mot Drammensvegen vil delvis treffe rett på gangvegen som er regulert frå Teigevegen, men, det er ikkje umogleg å fortsatt få til gangfelt slik ein har per i dag. Forslagsstillar skriv følgjande om trafikkløysing i planomtalen:

«Køyretilkomst

Planområdet vil ha ein sambindingsveg, o_SKV1 som gjeng gjennom feltet. Denne vil kome ut på Reiten i vest, og Drammensvegen i aust. I tillegg vert det etablert fleire nye internvegar i planområdet. Utbyggjar ønskjer å byggje ut planområdet i 2 byggjesteg. Byggjesteg 1 vil medføre etablering av inntil 37 nye einingar. Dette utgjer ÅDT på 129,5 ved 3.5 passeringar. Byggjesteg 2 utgjer inntil 24 einingar og ein ÅDT på 84. Ved etablering av første byggjesteg vil all trafikk sendast mot Hareid sentrum via Drammensvegen. Hareid kommune har gitt signal om at dei vil sjå på eventuelle avdempande tiltak på denne strekninga. Ved start på byggjesteg 2 vil samlevegen o_SKV1 verte opparbeidd i sin heilheit, og der ligg rekkjefølgjekrav som sikrar etablering av rundkøyring/nytt kryss mellom Hareidsvegen og Reiten.»

Forslagsstillar har fått signal frå kommunen om at ein vil sjå på eventuelle avdempande tiltak på denne strekninga (rundt Drammensvegen). Dette kan potensielt utløyse ein økonomisk konsekvens for kommunen.

Dersom rundkøyringa kjem på plass innan minneleg tid, er det ikkje sikkert dette blir eit problem, då ein kan få etablert resten av o_SKV1, noko som fører til at trafikken kan ledast mot Holstad i staden for mot Drammensvegen. Det vil då vere kostnaden med utarbeiding av halve o_SKV1 som potensielt kan tilfelle kommunen, om ikkje kommunen får i stand ein utbyggingsavtale med ein aktør for byggetrinn 2.

Planforslaget som ligg føre legg til rette for mange tomter som kan nyttast til både konsentrert og frittliggande bustadar i sentrumsnært område. Dette vil vere positivt for utviklinga i Hareid kommune, og kan legge til rette for ein potensiell befolkningsvekst. Planforslaget har også lagt godt til rette for barn og unge gjennom mange og nære leikeplassar, i tillegg kjem nærleiken til skuleområde og idrettsområde. Ein får også på plass ein sambindingsveg mellom sentrum/Ytre Hareid og Holstadkrysset som vil verte betre eigna for gjennomkøyring enn kva Brekkane er i dag. Det er nærliggande å tru at denne vegen vil senke belastninga

på Brekkane og gjere det meir trafikksikkert i denne gata.

Parallelt med utarbeiding av planforslaget har det også vore forhandlingar om utbyggingsavtale mellom Hadarhus AS og kommunen knytt til byggetrinn 1. Forslag til avtale som begge partar er einig i, ligg vedlagt. Denne må i følgje PBL § 17-4 leggest ut til offentleg ettersyn.

Planforslaget er elles i tråd med tidlegare vedtak i formannskapet, og slik administrasjonen ser det er det nødvendig og forsvarleg utgreidd ut i frå kjende problemstillingar. Merknadar og innspel er også teke i vare på ulike måtar, med unntak av det som er nemnt ovanfor. Kommunedirektøren ser på planforslaget som godt nok utgreidd, og rår difor formannskapet til å legge planforslaget ut til offentleg ettersyn. Det same gjeld forslag til utbyggingsavtale.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende.

Konsekvensar for folkehelsa: Vurdert i plan.

Miljøkonsekvensar: Vurdert i plan.

Økonomiske konsekvensar: Dersom det vert behov for trafikktryggleikstiltak rundt Drammensvegen kan dette bety ein potensiell kostnad for kommunen slik planforslaget er utforma no.

Beredskapsmessige konsekvensar: Vurdert i plan.

Konsekvensar for barn og unge: Vurdert i plan.

Kariann Bigseth
konstituert kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
23/21	Næring- og miljøutvalet	09.03.2021
39/21	Formannskapet	15.03.2021
	Kommunestyret	

Sluttbehandling - Detaljregulering for Detaljregulering for Brandal sentrum

Samandrag:

Plansaka går tilbake til 2016. Tida mellom oppstart og planforslag har teke lang tid då det har vore utfordringar i høve automatisk freda kulturminne og påfølgande krav om utgraving før evt. frigjeving og kostnadsfordeling. Plankonsulent, Sporstøl Arkitekter AS, ferdigstilte planforslaget hausten 2020. Planforslaget vart lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring 05.11.2020, med høyringsfrist 23.12.2020. Det kom inn eit motsegn til planforslaget, motsegna vart seinare trekt. Planforslaget ligg no føre for slutthandsaming/eigengodkjenning etter offentleg ettersyn/høyring.

Rådmannen si tilråding:

Hareid kommunestyre godkjenner detaljregulering for Brandal sentrum, med planID 20160001 slik den ligg føre, vist på plankart datert 01.02.2021, med tilhøyrande føresegn og planomtale.

Vedtaket er gjort i medhald av PBL. 2008 §12-12.

Vedlegg:

Detaljregulering - reguleringsplan - gbnr 40/185, 56 mfl - Brandal sentrum - vilkår for eigengodkjenning
AcosSvarInn.xml
Høyring / offentleg ettersyn - Detaljregulering for Brandal sentrum - Hareid kommune
Ber om at motsegn vert trekt
Detaljregulering Brandal sentrum - FS og PK sin uttale til merknader etter off. ettersyn
Plankart20160001_rev.01.02.2021
V2 Føresegn Detaljregulering Brandal 29-01-2021
Ber om merknad til innkomne innspel
Brandal sentrum - fråsegn til offentleg ettersyn - vilkår for eigengodkjenning
Brandal sentrum - Hareid kommune
Høyring - detaljregulering for Brandal sentrum
NVE sin uttale - Offentleg ettersyn - Detaljregulering for Brandal sentrum
Svar på Høyring offentleg ettersyn - Detaljregulering for Brandal sentrum - planID 20160001
Høyring - detaljregulering for Brandal sentrum
Ber om merknad til innkomne innspel
Høyring / offentleg ettersyn - Detaljregulering for Detaljregulering for Brandal sentrum
0 Planomtale 20-08-2020
Plansak for offentleg ettersyn - Detaljregulering for Detaljregulering for Brandal sentrum
Planforslag - Privat detaljregulering for BRANDAL – Gbnr. 40/108 m.fl.
V3 Varslingdok - samla
V4 Innkomne merknader samla
V7 Arkeologisk rapport - MR Fylke
V5 Rapport Åknes - NGI, datert 08-02-2011
V6 Rapport Skred - Norconsult AS, datert 21-04-2017
V8 Sjekkliste-ros Brandal
Kunngjeringsannonse - avis - Detaljregulering for Detaljregulering for Brandal sentrum
Vedtaksbrev - Høyring av planforslag - Detaljregulering for Detaljregulering for Brandal sentrum
Merknadsvurdering - høyringoffentleg ettersyn

Saksopplysningar:

Formålet med planen er å legge til rette for framtidig utvikling av eit mindre område for bustad BFS1 med tilgrensande vegar og tilkomst. Innanfor planområdet er det to eksisterande bustadar, kor huset i aust er SEFRAK-registret. Det er mellom dei to bustadane forslagsstillar ønskja å etabler ny bustad. Det vert og ein mindre justering av kommuneveg til Kvitneset. Kvitnesvegen o_SKV1 er offentleg kommunal veg og går gjennom planområdet. Det er i planen opna for at ei mindre strekning på om lag 30 meter kan flyttast 1-2 meter i austleg retning. Dette for å kome lenger vekk frå hushjørnet til gbnr 40/108.

Det kom totalt inn fire innspel, der av eit motsegn, i forbindelse med ettersynet. Møre og Romsdal fylkeskommune ga motsegn knytt til «føresegnområde #1». Dette er no retta både i plankart og føresegn. Planforslaget vart sendt på avgrensa høyring til Møre og Romsdal fylkeskommune og motsegna vart trekt. Alle innspela ligg vedlagt i si heilheit, dei er også vurdert og kommentert i eige vedlegg. Planforslaget som no ligg føre for eigengodkjenning er noko justert knytt til «Føresegnområde #1», elles er planforslaget det same som vart sendt til offentleg ettersyn.

Vurdering og konklusjon:

Planforslaget som no ligg føre er godt gjennomarbeida, sidan oppstarten i 2016.

Møre og Romsdal fylkeskommune trakk motsegna etter at det vart gjennomført endring i plankart og føresegn, i tråd med innspelet. Dei andre innspela som kom inn var av ein slik art at det ikkje førte til endringar i planforslaget ut frå ei administrativ vurdering. Kommunedirektøren rår difor kommunestyret til å godkjenne reguleringsplanen slik den ligg føre.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende.

Konsekvensar for folkehelsa: Gjort greie for i plan.

Miljøkonsekvensar: Gjort greie for i plan.

Økonomiske konsekvensar: Ingen kjende.

Beredskapsmessige konsekvensar: Gjort greie for i plan.

Konsekvensar for barn og unge: Gjort greie for i plan.

Kariann Bigseth
konstituert kommunedirektør

Kai-Rune Bjørke
kommunalsjef



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
20/21	Næring- og miljøutvalet	09.03.2021
40/21	Formannskapet	15.03.2021

Strategiplan for nærings- og miljøtilskot i skogbruket 2021-2024

Samandrag:

Strategiplan for Nærings- og miljøtilskot i skogbruket (NMSK) vert rullert kvart 4. år. Planen er felles for kommunane Herøy, Ulstein, Hareid og Sande. Den legg føringar for prioriteringar og rammer for tildeling av tilskot.

Kommunedirektøren si tilråding:

Hareid kommune vedtek Strategiplan for Nærings- og miljøtilskot i skogbruket for perioden 2021-2024 slik den ligg føre.

Vedlegg:

Strategiplan for NMSK midlar 2021-2024 for kommunane Herøy, Ulstein, Hareid og Sande

Saksopplysningar:

Tildeling av Nærings- og miljøtilskot i skogbruket - NMSK midlar - er heimla i *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*. Kommunane skal vedta ein 4-årig strategiplanen for prioritering av midlane. Førre plan var felles for kommunane Herøy, Ulstein, Hareid og Sande. Det er lagt opp til felles plan også for denne perioden.

Frå 01.01.2020 fekk kommunane ansvaret for alle tilskotsordningane i skogbruket. Statsforvaltaren løyver midlar til kommunane som vert tildelt etter budsjettert behov. Det er tilskot til planting og stell av ungskog, bygging av infrastruktur og til nokre driftstekniske tiltak i samband av hogst. Eit vilkår for å disponere midlane er at vi fastset overordna retningslinjer og vilkår for ordningane. Nytt i denne strategiplanen er at alle tilskotsordningane under NMSK er samle her.

Landbruksdirektoratet ber oss om å samarbeide med Statsforvaltaren og skognæringa når vi utarbeidar strategiplan. Strategien her er drøft i møte i kontaktutvalet for skogbruk for kommunane Herøy, Ulstein, Hareid og Sande den 09.02.2021. Retningslinjene og tilskotssatsane som vart vedteke for dei fire kommunane i 2020 var om lag dei same som for Ørsta, Volda og Vanylven.

Løyvde midlar for førre strategiperiode:

	Løyvde NMSK midlar til skogkultur					Forbruk NMSK midlar til skogkultur					Ubrukt
	San de	Her øy	Ulst ein	Har eid	Su m	San de	Her øy	Ulst ein	Har eid	Su m	Sum
2010	5000	5000	5000	5000	20000	4998	1732	7212	4999	18941	1059
2011	5000	11000	20000	20000	56000	3959	-	-	-	3959	52041
2012	25000	25000	25000	25000	100000	-	-	-	-	-	100000
2013	15000	15000	25000	25000	80000	-	-	-	-	-	80000
2014	-	-	-	25000	25000	-	8246	-	16274	24520	480
2015	5000	-	5000	49000	59000	-	-	-	54624	54624	4376
2016	-	-	-	57000	57000	-	-	-	-	-	57000
2017	-	-	-	40000	40000	-	-	-	79622	79622	-39622
2018	-	-	10000	50000	60000	-	-	-	20107	20107	39893

2019	-	-	10 000	40 000	50 000	-	-	-	-	-	50 000
2020	-	-	-	100 000	100 000	-	-	-	2 400	2 400	97 600
2021	78 000	56 000	100 000	290 000	524 000	8 957	9 978	7 212	178 026	204 173	319 827

Kommentar til tabellen:

Frå og med 2010 vart midlar som ikkje vart løyvd i tildelingsåret trekt attende til Fylkesmannen. Midlane vart så fordelt til andre kommunar som hadde behov for meir midlar.

Frå og med 2014 vart midlane fordelt internt mellom kommunane som er omfatta av denne strategien.

Den 09.02.2021 inviterte underteikna sakshandsamar til møte i skogbruket sitt kontaktutval for dei fire kommunane. Søre Sunnmøre Skogeigarlag og Allskog deltok i møtet. Det var semje om prioriteringane og retningslinene som er lagt inn i strategiplanen.

Det lagt inn prioritering av tiltaka og suppleringsplanting er prioritert før nyplanting. Årsaka er at ein stor del av plantene har dauda etter angrep av gransnutebiller. Vi ser og spor etter hjortebeiting på dei plantene som står att. Det er vesentleg at vi får opp granplantene på hogstflata før grasvekst, bringebær og lauvkrattet tek over. Det går fram av planen at unytta midlar i ein kommune kan overførast internt mellom kommunane når det er behov for det. Det er same ordninga som Statsforvaltaren nyttar når vi sjølv ikkje nyttar midlane i løpet av tilskotsåret.

NMSK midlar til skogkultur vert løyvd etter søknad når arbeidet er slutført. Søknadane vert handsama etter kvart. Handsaminga vert gjort elektronisk som del av skogfondssystemet. Det kan utbetalt tilskot på arbeid som er utført inneverande år og førre år. Midlane vert tildelt så langt dei rekk. Søknadar som ikkje får tildelt midlar i søknadsåret får overført søknaden til neste år. Er det stor etterspurnad etter midlar kan vi søkje Statsforvaltaren om tilleggsløyving på hausten.

NMSK mildar til skogveggar og taubane vert løyvd etter søknad. 2020 var fyrste året desse midlane vart fordelt til kommunane. Tidlegare år var det Statsforvaltaren som tildelt tilskota. Tildeling til dei fire kommunane var på 80.000 og det vart løyvd kr. 24.300 til ein tung traktorveg i Sande kommune.

Det er per dato ikkje tildelt NMSK midlar frå Statsforvaltaren til kommunane.

Vurdering og konklusjon:

Strategiplanen for NMSK midlar 2021 - 2024 er i samsvar med *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*. Vi vil oppmode kommunane om å gjere likelydande vedtak slik at det vert samanfallande bruk av midlane i Herøy, Ulstein, Hareid og Sande.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende.

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende.

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende.

Økonomiske konsekvensar: Ikkje anna enn privatøkonomiske.

Beredskapsmessige konsekvensar: Utsatt eller manglande hogst kan føre til stor vindfallskader på skog og infrastruktur nær skogen.
Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende.

Ragnhild Velsvik Berge
kommunedirektør

Anne Kathrine Løberg
avdelingsleiar



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
21/21	Næring- og miljøutvalet	09.03.2021
41/21	Formannskapet	15.03.2021

Strategiplan for særskilde miljøtiltak i jordbruket og tilskot til beiteområde 2021-2024

Samandrag:

Strategiplan for Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket vert rullert kvart 4. år. Planen er felles for kommunane Herøy, Ulstein og Hareid. Den legg føringar for prioriteringar og rammer for tildeling av tilskot. Det nye i planen her er at Tilskot til tiltak i beiteområde er teke med i planen

Kommunedirektøren si tilråding:

Hareid kommune vedtek Strategiplanen for Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket og Tilskot til tiltak i beiteområder for perioden 2021-2024 slik den ligg føre.

Vedlegg:

Strategiplan SMIL 2021_2024

Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket

Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder

Saksopplysningar:

Tildeling av SMIL- midlar er heimla i *Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket*.

Ordninga med Tilskot til tiltak i beiteområder vart overført frå Fylkesmannen til kommunane med verknad frå og med 01.01.2020. Retningslinjene for ordninga er heimla i *Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder* og i *Rundskriv 2019-45 «Forvaltning av forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder»* frå Landbruksdirektoratet.

Strategiplanen vert revidert kvart fjerde år. Ordninga tok til i 2004 og fyrste strategiplanen vart laga i 2005. Fram til 2013 vart det laga ein felles Strategiplan for SMIL og NMSK (Nærings og miljøtilskudd i skogbruket).

Vi tek no til med den femte strategiperioden. Strategiplanane har så langt vore felles for kommunane Herøy, Ulstein og Hareid.

Kommunane får kvart år tildelt ei ramme frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Tildelinga har delvis vorte tildelt etter innmelding av behov og historisk brukte midlar i kommunane.

I løyvingsskriv frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal datert 15.01.2021 fekk Herøy kommune tildelt for 2021 kr. 220.000. i SMIL-midlar, Ulstein kr. 140.000. og Hareid 110.000.

Tildelingane av SMIL-midlar til kommunane i 2021 er vesentleg lågare enn i 2020 då Herøy fekk tildelt kr. 300.000. i SMIL-midlar, Ulstein kr. 300.000. og Hareid kr. 250.000.

I tillegg til den årlege tildelinga av SMIL-midlar frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, har landbrukskontoret vore aktive i gjenbruk av inndregne SMIL-midlar til løyvde prosjekt som ikkje har vorte gjennomførte innan arbeidsfristen på 5 år.

Etterspurnaden etter tilskotsmidlane har vore stor. Den årlege tildelinga har vorte delt ut til mange gode prosjekt. Behovet for midlar til hydrotekniske tiltak har vore aukande. Vi vonar at det i fireårsperioden er godt samsvar mellom behovet for SMIL-midlar i den enkelte kommune og tildeling av midlar.

I løyvingsskriv frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal datert 27.01.2021 fekk Herøy kommune tildelt kr. 25.000. for ordninga Tilskot til tiltak i beiteområder. Midlane til denne ordna vart tildelt ut frå innmeldt behov i november 2020. Dei to andre kommunane, Ulstein og Hareid, fekk ikkje tildelt midlar under denne ordninga. Årsaka til dette er at det ikkje vart meldt inn noko behov for midlar i desse kommunane i november 2020 fordi dei ikkje hadde godkjende registrerte beitelag som kan søkje om tilskotsmidlar under denne ordninga.

I høve utarbeiding av ny «Strategiplan for 2021-2024» for kommunane Herøy, Ulstein og Hareid, vart faglaga/ næringsorganisasjonane i landbruket i desse tre kommunane kaldt inn til drøftingsmøte den 03.02.2021.

Representantar for desse fagлага/ næringsorganisasjonane deltok på møtet:

- Vestre Sunnmøre Bondelag
- Hareid, Ulstein, Herøy og Sande Bonde- og Småbrukarlag
- Herøy Sau og Geitealslag
- Sunnmøre Villsaulag

Det var semje om å bygge på hovudlinjene i gjeldande Strategiplan. I tillegg til dei ulike «SMIL-tiltaka», var ein samde om å ta inn i planen ordninga «Tilskot til tiltak i beiteområder.»

Ein var òg samde om å setje eit kostnadstak på kvart enkelt tiltak på kr. 200.000. Det var også semje om framleis gi tilskot til bygging av «enkle leskur for dyr på beite» (sau, storfe), men at tilskotet skulle avgrensast med eit kostnadstak på kr. 100.000. og eit tilskot på kr. 40.000.

Timesatsane for eige og leigd arbeid, bruk av motorsag og bruk av eigen traktor vert vidareført med same timepris som i gjeldande plan. Desse timeprisane er samordna med timeprisane i Innovasjon Norge. Dersom timeprisane vert auka i Innovasjon Norge skal satsane i planen aukast tilsvarande.

Elles gjeld dei same prioriteringane og tiltaka som var med i førre Strategiplan, men med eitt unntak, at hydrotekniske tiltak skal ha høgast prioritet.

Både til søknader for dei ulike «SMIL-tiltaka» og «Tilskot til tiltak i beiteområder» skal det nyttast digitalt søknadsskjema som ein finn på landbruksdirektoratet.no.

Framlegget er at søknadsfristen for den tradisjonelle SMIL-ordninga vert flytta til 01.02. med unntak av 2021 då fristen for å søkje er 01.04.

Framlegget for søknadsfristen for Tilskot til tiltak i beiteområder er 01.04.

Søknader med alle naudsynte vedlegg som kjem inn til landbrukskontoret innan søknadsfristen vert prioritert først. Vi tar sikte på å ha handsama ferdig alle søknadane innan 01.06. Er det ledige midlar utover året, så vert søknadane handsame fortløpande.

Søkjjarar som får løyvd tilskott til eit tiltak, har 3 år til å gjennomføre tiltaket. Det kan søkjast om forlenga frist på inntil 2 år. Søkjjarar som ikkje kjem i gong med tiltaket innan 5 år, får trekt inn løyvinga. Kommunen får behalde midlane visst dei blir brukt det året dei vert dregne inn.

Når prosjektet er slutført melder søkjar frå til Herøy kommune, avdeling Landbruk om at tiltaket er ferdig. Frå og med 2020 vart det krav om at ein skal sende inn utbetalingsanmodning elektronisk til kommunen. Ved utbetalingsanmodninga skal det ligge ved rekneskap med bilag og enkel beskriving av kva som eg gjort.

Landbrukskontoret betaler ut midlane når utbetalingsanmodninga med alle vedlegg er mottatt og godkjent og synfaring utan merknad er gjennomført.

Vurdering og konklusjon:

Framlegget til Strategiplan for 2021-2024 omfattar ordningane «Tilskot til spesielle miljøttak i jordbruket» og «Tilskot til tiltak i beiteområder.»

Det vert foreslått å flytte søknadsfristen for den tradisjonelle SMIL-ordninga til 01.02. med unntak for 2021 då den vert foreslått sett til 01.04. Søknadsfristen for Tilskot til tiltak i beiteområder vert foreslått sett til 01.04.

Det vert foreslått å setje eit kostnadstak på kvart enkelt tiltak til kr. 200.000. For tilskot til bygging av «Enkelt leskur for dyr på beite» (sau, storfe), vert det foreslått eit tak på tilskotet på kr. 40.000. og eit kostnadstak på kr. 100.000.

Vi vil oppmode kommunane om å halde fram med ein felles Strategiplan komande fireårsperiode då vi har god erfaring med den ordninga. Det betyr at kommunane må gjere likelydande vedtak slik at ein får samanfallande bruk av midlane i Herøy, Ulstein og Hareid.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende.

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende.

Miljøkonsekvensar: Mellom anna førebygging av erosjon og flaum.

Økonomiske konsekvensar: Berre privat økonomiske.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende.

Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende.

Ragnhild Velsvik Berge
kommunedirektør

Oddvar Gjerde
rådgjevar



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
42/21	Formannskapet	15.03.2021
	Kommunestyret	

Vertskommuneavtale Søre Sunnmøre legevakt

Samandrag:

Kommunane på Søre Sunnmøre har tidlegare gjort vedtak om etablering av legevaktsentral og nattlegevakt saman med den nye legevakta for Volda og Ørsta. Det er no utarbeidd vertskommuneavtale for dette nye samarbeidet, og administrasjonen tilrår at denne blir godkjend.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret godkjenner vertskommuneavtalen.

Vedlegg:

200924 Vertskommuneavtale legevakt.pdf

Saksopplysningar:

Den nye Søre Sunnmøre legevakt vert etablert i lokale i Hovden næringscenter i Hovdebygda, og planlagt opning er 1.februar 2021. Søre Sunnmøre legevakt består av legevaktsentralen for Søre Sunnmøre, Nattlegevakta og legevakt ettermiddag, kveld og helg for Volda og Ørsta. I tillegg er det planlagt å legge oppgåver knytt til handtering av pandemien til den nye legevaktorganisasjonen.

Kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta har alle handsama sak om flytting av legevaktsentral og nattlegevakt til den nye legevakta for Volda og Ørsta, og gitt si tilslutning til dette hausten 2019.

I juni 2020 vart det undertekna avtale om leige av lokale i Hovdebygda.

Prosjektleiar

og medisinsk-fagleg rådgjevar vart tilsett og starta arbeidet med etablering av den nye legevakta. Utarbeiding av ny vertskommuneavtale er ein del av dette arbeidet. Vertskommuneavtalen regulerer m.a. kva oppgåver vertskommunen har og kva Søre

Sunnmøre legevakt skal levere av oppgåver og tenester til dei ulike kommunane som

deltak i samarbeidet. Avtalen tek og føre seg korleis kostnadane skal fordelast på dei

deltakande kommunar. I avtalen er det vidare regulert korleis utviding av samarbeidet

skal handterast. Den nye legevakta er planlagt for å handtere den venta trafikken på

legevaktsentralen, nattlegevakta og legevakt kveld og helg. Det er likevel ein infrastruktur og grunnbemanning som vil kunne handtere eit større tal pasientar på legevakt enn det vi ventar å få på det jamne i Volda og Ørsta, utan at det må omfattande utviding til. Om fleire kommunar ønsker eit utvida samarbeid om legevakt, ligg det altså til rette for dette innanfor rammene av denne vertskommuneavtalen.

Vurdering og konklusjon:

I vertskommuneavtalen er det teke med det som er vesentleg for å regulere tilhøva mellom vertskommunen og samarbeidskommunane. Det er regulert korleis kommunikasjon mellom vertskommunen og samarbeidskommunane skal vere i forhold til både organisatoriske og økonomiske spørsmål. Den juridiske bakgrunnen for

tilrådinga er dei krava som stillast til kommunen gjennom akuttmedisinforskriften kapittel 4

paragraf 12 og 13.

Vertskommuneavtalen vert tilrådd vedteke som den ligg føre.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen

Konsekvensar for folkehelsa:

Det er venta at etablering av Søre Sunnmøre legevakt vil gje ei kvalitetsbetring av

legevakttenestene, både på systemnivå og i den enkelte pasienthandtering. Ei godt fungerande og kvalitetssikra legevaktteneste er antatt å vere ein vesentleg faktor for rekruttering av fastlegar. Desse forholda vil truleg gje positive effektar for folkehelsa.

Miljøkonsekvensar:

Minimale. Volda og Ørsta er i dag eit legevaktdistrikt, og fram til opning av ny legevakt i Hovdebygda er legevakta enten i Volda eller Ørsta avhengig av kva lege som har vakt. Køyring til og frå legevakta vil såleis bli på nivå med situasjonen i dag. Når legebil skal skaffast, vil det bli vurdert om det finnast tenlege alternativ med hybrid eller 0-utslepp teknologi.

Økonomiske konsekvensar:

Det blir ei meirkostnad for Volda kommune på kr 800 000,- i høve til det som tidlegare er budsjettert. Dette er innarbeidd i økonomiplanen. Denne meirkostnaden vil bli mindre om fleire kommunar sluttar seg til eit utvida samarbeid om legevakt.

I tabellen under er det sett opp kostnad per kommune i samarbeidet for 2021.

Fellesutgiftene til drift av Søre Sunnmøre legevakt er delt på områda legevaktsentral, nattlegevakt og legevakt kveld/helg etter ein utrekna nøkkel for deling. Innanfor kvart område er kostnader delt etter innbyggjartal. Spesifikke kostnadar for nattlegevakt og for legevakt kveld/helg, er delt mellom dei deltakande kommunar i desse samarbeida.

Nettoutgifter pr kommune.

NB! I denne summen ligg det inne kostnad til drift av nødnett med 1 mill. kroner. Dette er ein sum som i dag vert fakturert den einskilde kommune, men som vi har tatt med i det samla budsjettet.

Til fordeling	Fellesutg LVS (55 %)	Fellesutg natt (15 %)	Fellesutg kveld/helg (30%)	Lege natt	Lege kveld/helg	Sum fellesutg
Fellesutgifter	6 675 356 kr	1 820 552 kr	3 641 103 kr			12 137 011 kr
Lege natt				3 667 984 kr		
Lege kveld og helg					1 402 541 kr	
						Sum pr kommune
Vanylven	424 957 kr					425 000 kr
Volda	1 394 382 kr	406 141 kr	1 776 939 kr	818 279 kr	684 471 kr	5 080 000 kr
Ørsta	1 462 828 kr	426 077 kr	1 864 164 kr	858 446 kr	718 070 kr	5 330 000 kr
Herøy	1 202 787 kr	350 336 kr	0 kr	705 844 kr	0 kr	2 259 000 kr
Sande	335 897 kr	97 836 kr	0 kr	197 118 kr	0 kr	631 000 kr
Ulstein	1 159 941 kr	337 856 kr	0 kr	680 700 kr	0 kr	2 178 000 kr
Hareid	694 564 kr	202 305 kr	0 kr	407 598 kr	0 kr	1 304 000 kr

Tidlegare har drift av naudnett vorte fakturert kvar kommune. Vi har no teke dette inn i driftsbudsjettet. Tabellen under viser kostnad per kommune justert for drift av naudnett.

Nettoutgift pr kommune justert for kostnad til drift av nødnett.

	Sum pr kommune
Vanylven	390 000 kr
Volda	4 785 000 kr
Ørsta	5 020 000 kr
Herøy	2 131 000 kr
Sande	595 000 kr
Ulstein	2 055 000 kr
Hareid	1 231 000 kr

Naudsynte investeringar i inventar og utstyr i den nye legevakta er sett opp med kr 150 000,- for kvar av kommunane i nattlegevaktsamarbeidet og kr 50 000,- for Vanylven.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Beredskapen vert styrka som følgje av etablering av Søre Sunnmøre legevakt. Legevaktorganisasjonen er godt rusta til å handtere ulike beredskapsmessige tilhøve. Det blir ei fast leiing av legevakta, og det blir utarbeidd beredskapsplanverk, Ros-analyser og prosedyrar for handtering av ulike situasjonar.

Konsekvensar for barn og unge:

Det vil alltid vere fleire helsepersonell på vakt i den nye legevakta, og sjukepleiarane på legevakt vil bli godt lært opp i legevaktarbeid. Born og unge som kontaktar legevakt vil soleis møte profesjonelle fagfolk som vil ivareta deira behov.

Kariann Bigseth
konst. kommunedirektør

Helga Bøe
konst. kommunalsjef



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
43/21	Formannskapet	15.03.2021

Oversendingsframlegg: havbruk, skule- og barnehagestruktur

Samandrag:

Kommunestyret vedtok i møtet 25. februar å sende tre framlegg over til formannskapet, utan å realitetshandsame dei.

Tilråding:

Inga tilråding

Saksopplysningar:

I sak 18/21 vedtok kommunestyret å sende følgande oversendingsframlegg til formannskapet utan å realitetshandsame dei:

«1. Hareid Kommune må snarast mulig få på plass klarerte lokaliteter for laks, aure og regnbogeare i sjøvatn. Desse lokalitetane må ha størst mogleg lokalitetsbiomasse.

Dette for å støtte krava for utbetaling fra Havbruksfondet, og for å kunne få nye arbeidsplassar til kommunen og auka aktivitet i form av arbeid til underleverandørar.

Kven som skal få pengar fra Havbruksfondet vert bestemt utifrå Akvakulturregisteret 1. september klokka 12 kvart år.

Kommunestyret ber administrasjon prioritere arbeidet med å få fram sak, slik at vedtak som opnar for slik aktivitet og inntekt til kommunen kan bli tatt stilling til.

2. Kommunestyret ber administrasjonen utgreie og legge fram sak om framtidig barnehagestruktur i kommunen. Behov for lokale/bygg, plasseringsalternativ, tempo for realistisk gjennomføring, organisering og økonomisk effekt skal svarast ut i utgreiinga.

3. Kommunestyret ber administrasjonen utgreie og legge fram sak om framtidig skulestruktur i kommunen. Behov for lokale/bygg, plasseringsalternativ, tempo for realistisk gjennomføring, organisering og økonomisk effekt skal svarast ut i utgreiinga.»

Det er no opp til formannskapet om dei ønsker å gå vidare med sakene.

I reglementet for kommunestyret star følgande retningslinjer for handsaming av oversendingsforslag:

Forslagstillar kan be om at eit forslag vert oversendt formannskapet utan realitetshandsaming. Kommunestyret røystar over om forslaget skal oversendast formannskapet. Forslag kommunestyret vedtek å oversende utan realitetshandsaming, skal handsamast som følgjer:

Rådmannen legg fram ein sak for formannskapet så raskt som mogleg etter kommunestyremøtet. Formannskapet tek så standpunkt til kva som skal skje med forslaget:

- A. Realitetshandsame forslaget og dermed gjere eit positivt eller negativt vedtak i høve til realitetane i forslaget.
- B. Be rådmannen utgreie saka nærmare og få den til ny handsaming seinare.